Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Etne

Emne: Drikk til maten | Bygdelag:

Oppskr. av: Tryggve Vinje | Gard:

(adresse): | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dei drikka mykje meir mjölk i hushaldet før enn no. Men då var det berre sur mjölk dei drikka
2. Dei drakk mykje sur mjölk eller pimblanda i arbeidstider før
4. Ølbrygging har det ikkje vore noka av dei 2 siste mannsaldrane. Så lenge som folk veit har dei kjøpt öl til gjestebod og helg. Men det stong enno at bryggdyr på somme gardar, så ölbrygginga var visseleg vanleg for ca 100 år sidan. Det vert også fortalt at ein av dei første Haugianarane i Etne, Åsmund Torkelson Vinje, bryggja öl

Kaffi kom i bruk for 70-80 år sidan, men då helst som eit helgabeyte söndag morgon. For 50-60 år sidan vart det vanleg å drikka kaffi til frukost kvar dag. Dei brydde seg ikkje om å få kaffien klår før. Dei drakk kaffien og gruten med. Sukker attåt kaffien eller i kaffien drikka dei i helgane. Helst kandissukker, men seinare raffinade. Flöyte eller mjölk i kaffien er det vanlege.

5711

2

Te var sers sjeldsynt for 60-70 år sidan
Og det er heller ikkje kvardagsdrykk no.
Dei laga te av Karve før. Karvate let mange
vel om. Det har også vore laga te av
tyteborblad og bringebærblad

Brennevin har ikkje vore kvardagsdrikka
Men dei bruka det i gjestebod og
under dugnad før - og likeins når
det var slakting

Kjøpeøl, vørterøl, brus o.s.b. er ikkje
vanleg kvardagsdrikke - no heller.

5711

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING